



# **Flaggereglement**

## **Ulvik herad**

Vedteken: 22.09.2021

Sist redigert: 19.05.2025

## **Flaggreglement for Ulvik herad**

### Lover og forskrifter om bruk av det norske flagget

I Noreg kan alle flagge når dei vil, t.d. på bursdagar og andre merkedagar. Vi har likevel reglar som både privatpersonar og offentlege institusjonar må følgje ved flagging med det norske flagget – uavhengig av om det vert flagga på offisielle flaggdagar eller ved private merkedagar:

- "Lov om Noregs Flag" (Flagglova) datert 10.12.1898. Lova fastset korleis flagget skal sjå ut og bruken av det:  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1898-12-10-1>
- "Forskrift angående bruk av statsflagget og handelsflagget" datert 21.10.1927 og sist endra 03.12.2004. Forskrifta fastset nærmere reglar for bruken, blant anna offisielle flaggdagar og når flagget kan heisast og firast:  
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1927-10-21-9733>
- "Lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger" datert 29.06.1933:  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1933-06-29-2>
- "Forskrift om adgang til i særlige tilfelle å benytte fremmed lands flagg ved siden av det norske flagg på kommunale offentlige bygningar" datert 06.07.1933:  
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1933-07-06-3>

Tidspunkt for heising og firering av det norske flagget Flaggforskrift (1927) § 6 viser til tidspunkt for heising og firering av det norske flagget:

*"Flagget heises i månedene mars til og med oktober kl. 0800, i månedene november til og med februar kl. 0900. Flagget hales ved solnedgang, dog ikke senere enn kl. 2100 hvis solen går ned etter denne tid".*

### **Flagging på halv stong**

Å flagge på halv stong vil seie at flagget først skal heisast heilt opp (heil stong), haldast der ein augneblink, og så firast på "halv stong" – som er ein tredjedel ned frå toppen av flaggstonga.

Ved gravferd skal det flaggast på halv stong inntil seremonien er avslutta. Når kista er komen i jorda og seremonien er avslutta skal flagget heisast til topps og firast til vanleg tid.

### **Ulike flagg og vimplar**

Det er ikkje tillate å heise to flagg, eller ein kombinasjon av flagg og banner / vimpel, på same flaggstong.

### **Det norske flagget**

Det norske flagget finnast i to utgåver; statsflagget og handelsflagget. Statsflagget er splitta og blir berre brukt av statlege institusjonar. Handelsflagget er det folk flest reknar som nasjonalflagget. Dette er rektagulært med storleiksforholdet 8:11. Nasjonalflagget er Noreg sitt symbol og skal behandlast med respekt. Eit flagg skal ikkje røre ved bakken, klippast i

eller smussast til på nokon annan måte. Når eit flagg vert skifta ut, t.d. ved at det har vorte falma, skal flagget makulerast før restane av flagget vert kassert.

### **Det samiske flagget**

Det samiske flagget er felles for samane i Noreg, Sverige, Finland og Russland og dermed eit felles nasjonalsymbol for heile det samiske folket. Det samiske folket sin nasjonaldag er 6. februar. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-05-27-1087?q=samisk%20flagg>

### **Regnbogeflagget**

Det er no lov å flagge med regnbogeflagget frå kommunale flaggstenger. Den konkrete endringa i Lov om flagging på kommunane sine offentlege bygninger er følgjande:

«Forbodet i første punktum i § 1 gjeld ikkje i samband med arrangement, markering eller merkedag av allmen interesse. I tillegg er det teke inn ei formulering om at lova også gjeld på Svalbard.»

I Ulvik heng regnbogeflagget oppe i heile juni, med unntak av offisielle flaggdagar. Regnbogeflagget kan henga oppe døgnet rundt. Ved andre flaggdagar, t.d. gravferd skal regnbogeflagget vike.

### **Andre nasjonalflagg**

I tillegg til det norske nasjonalflagget har vi også andre nasjonar sine flagg og det samiske flagget. Utanlandske flagg skal ikkje heisast med mindre det norske flagget også vert heisa. Eit framand land sitt flagg kan heisast ved sidan av det norske flagget der det er naturleg som ei æreviseisning, jf. forskrift om framande land sine flagg på kommunale bygg (1933). Eit framand land sitt flagg skal ikkje gjevast ein meir framtredande plass enn Noreg sitt flagg. Utanriksdepartementet viser til at det norske flagget bør ha forrang ved alle nasjonale hendingar. Ved feiring av nasjonaldagen er det Noreg som feirast, men det er ingen ting i vegoen for at andre nasjonar sine flagg kan brukast den dagen. I sofall bør det avgrensast til flagg som vert haldne i handa. Det bør ikkje nyttast andre nasjonar sine flagg i konkurranse med det norske flagget i storleik og plassering.

### **Vimpel**

Ein vimpel vert definert som eit trekanta flagg der lengda er større enn høgda. Ein vimpel skal ikkje vere lengre en 1/3 av flaggstonga si lengde. Her eksisterar både nasjonalvimplar og namnevimplar med logo.

- Nasjonalvimpel – det norske flagget, med eller utan kors, i vimpelutgåve
- Namnevimpel – Om Ulvik herad hadde eigen kommunevimpel med kommunelogo

Det er ikkje same reglar ved bruk av vimpel som ved bruk av flagg. Vimplar kan henge oppe utan tidsavgrensing, dvs. heile natta og i heile perioden den er aktuell.

### **Arrangementsflagg og arrangementsbanner**

Arrangementsflagg og arrangementsbanner, dvs. flagg / banner med arrangementsmotiv eller logo, vert brukt til profilering av eit arrangement eller ein arrangør knytt til ei særskilt hending. Eit banner skal i hovudsak henge loddrett ned langs flaggstonga med største lengde langs flaggstonga. Det bør stillast krav til både kvalitet og utforming av arrangementsflagg og banner.

## Offisielle flaggdagar

Flaggforskrift (1927) § 4 viser til at det skal flaggast med statsflagg ved statlege verksemder og elles med handelsflagget frå flaggstenger ved offentlege bygningar på dei offisielle flaggdagane, som er:

1. januar	1. nyårsdag
21. januar	Prinsesse Ingrid Alexandra sin bursdag
6. februar	Samefolket sin dag
21. februar	Kong Harald sin bursdag
1. mai	Arbeidarane sin dag
8. mai	Frigjeringsdagen frå 1945
17. mai	Noregs nasjonaldag
7. juni	Noregs uavhengigheitsdag 1905
4. juli	Dronning Sonja sin bursdag
20. juli	Kronprins Haakon Magnus sin bursdag
29. juli	Olsok
19. august	Kronprinsesse Mette-Marit sin bursdag
25. desember	1. juledag
Flytande	1. påskedag
Flytande	1. pinsedag
Flytande	Stortingsval

## Andre flaggdagar

Dessutan viser flaggforskrift (1927) § 4 til at statlege verksemder kan flagge med statsflagg ved andre høgtidelige og festlege høve innan nasjonen eller kongehuset og ved offisielle besøk av medlemar av kongehuset og av utanlandske statsoverhovud og fyrstelege personar. Ein statsinstitusjon kan også flagge når det vert sett på som særleg viktig eller ynskjeleg for den utøvande verksemda i institusjonen. Sjølv om nasjonale flaggreglar først og fremst gjeld statlege mynde så er det ynskjeleg, frå utanriksdepartementet si side, at kommunar heisar det norske handelsflagget – nasjonalflagget – både på offisielle flaggdagar og ved andre særskilte høve, som omtala i forskrifter.

Ulvik herad flaggar dessutan frå Sentrumsbygget i samband med markering av 100-årsdag for ein innbyggjar.

## **Ulvik herad sine offisielle flaggstenger**

Sentrumsbygget, Haugesenteret og Omsorgstunet. Skulen og barnehagen kun på dagar med ordinær skule/barnehage, dvs ikkje i helger eller i feriar.

Ulvik herad ved vaktmeister/brannvakt har ansvaret for at det vert flagga med nasjonalflagg på heradet sine offisielle flaggstenger, på alle offisielle flaggdagar, og ved andre særskilte høve, etter samråd med ordførar eller rådmann. Heising og fyring av alle 3 flagga på Sentrumsbygget vert utført i tråd med gjeldande flaggreglar. Sentrumsbygget har ei offisiell flaggstong. Den skal nyttast til nasjonalflagget, det samiske flagget og regnbogeflagget. Dersom det norske flagget skal opp samtidig, skal det norske flagget ha den sentrale plasseringa, medan det samiske flagget eller regnbogeflagget då skal hengja ved sidan av.

## **Andre kommunale bygg med flaggstong**

Ulvik herad ved vaktmeister/brannvakt har også ansvar for flagging ved andre kommunale bygg med flaggstong, når relevant. Innan ordinær arbeidstid vert flagget heisa og fira av vaktmeister. Utanom ordinær arbeidstid vert flagget heisa og fira av brannvakt.

Ved Stortingsval og Kommunestyreval skal det flaggast med nasjonalflagg på valldagen ved alle oppnemde røystelokale. Vaktmeister er ansvarleg for flagginga.

## **Flagging ved gravferd**

Ulvik herad skal flagge på halv stong på offisielle flaggstenger ved gravferda til:

- Noverande og tidlegare ordførarar og andre overrørande politikarar – flagging på halv stong ved Sentrumsbygget og Haugesenteret
- Noverande tilsette – flagging på halv stong ved Sentrumsbygget og på tenestestaden der vedkomande var tilsett
- Bebuarar i kommunale institusjonar – flagging på halv stong ved institusjonen der vedkomande budde
- Særskilte høve – flagging på halv stong etter avtale med kommunedirektør eller ordførar, eller etter nasjonale føringar

## **Flagging etter avtale / søknad**

Dersom ulike arrangørar ynskjer å bruka heradet sine offisielle flaggstenger til flagging i samband med konfirmasjon, gravferd, anna arrangement, så må søknad om flagging vera heradet i hende i god tid før arrangementet. Dette gjeld uansett type flagg eller vimpel som arrangøren vil bruke. Gjeldande flaggreglar i punkt 2 må fylgjast ved flagging med nasjonalflagget. I dei tilfeller der det kjem inn fleire søknader om flagging for same dag / tidsrom, vil den først innkomne søknad normalt få fortrinnsrett. Alle kostnader ved flagging, herunder heising og fyring skal dekkast av arrangøren, med mindre anna er søkt om og klarert med heradet på førehand.